

Til medlemmane i SU

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 15/2975 - 15/34824

Saksbehandlar:  
Erik Klausen  
erik.klausen@lindas.kommune.no

Dato:  
24.11.2015

## Referat for møte i samarbeidsutvalet, tysdag 17.11.15

Tid: Tysdag 17.11.15, klokka 19.00  
Stad: Ostereidet barneskule, personalrommet  
Til stades: Eva Hindenes (FAU), Sveinung Toft (kommunestyret), Nina Eide (skulen), Rune Gulbrandsøy (skulen), Erik Klausen (rektor og skrivar)  
Fråvær: Ane Johanne Hågensen (FAU), Johan Romarheim (elevrådet) Sigrid Jordal (elevrådet), Gullborg Tresnes (skulen)

### Sakliste:

- Sak 01/2015-16**      **Godkjenning av**  
a) Innkalling OK  
b) Sakliste OK
- Sak 02/2015-16**      **Konstituering**  
*Det skal veljast leiar, nestleiar og skrivar*  
*Leiar: **Eva Hindenes***  
*Nestleiar: **Ane Johanne Hågensen***  
***Rektor** er skrivar*
- Sak 03/2015-16**      **Gjennomgang av mandatet til samarbeidsutvalet (vedlegg)**  
*Rektor informerte.*
- Sak 04/2015-16**      **Skisse for møteplan**  
*Leiar lager forslag saman med rektor.*
- Sak 05/2015-16**      **Nytt frå skulen**

### **Skulen informerte om**

Skulen har sett i gang leksehjelp for 5. – 7. klasse. Etter skuletid på tysdagar og før skuletid på torsdagar.

Personalsituasjonen. Inspektør ga seg i administrasjonsdelen av stillinga si sist sommar. Rektor har no 100% administrasjon. Torill Person Solli kjem tilbake som rektor frå 01.01.16

Orientering om ressursituasjonen.

**Utvalet påpeikte at når ressursar blir flytta på så går det ut over andre.**

**Lærarrepresentant opplever at det ikkje er OK at ressursar blir omplasserte.**

LeseLos er framleis eit satsingsområde

Lindås kommune er med i lærarspesialistordninga. Ostereidet barneskule har ein lærarspesialist og er nøgd med å delta i prosjektet.

Lindås kommune er med i Trygg Trafikk sitt prosjekt om trafiksikker kommune. Alle avdelingar har lagt plan for trafiksikkert arbeid. Skulen rådførte seg med FAU og utarbeidde plan som er sendt inn. Planen vart vist på samarbeidsutvalmøtet.

**Refleksvest til 1. klasse vart etterspurt. Skulen følgjer opp saka og.**

Før jul skal 6. og 7. trinn ta elevundersøkinga. Skulen går inn for at også 6. trinn skal ta undersøkinga. Då kan ein samanlikne resultatane frå år til år.

**Tatt til orientering. Tatt opp på neste møtet. Etter at FAU og dei tilsette har gått gjennom saka.**

Skulen informerte om etablering av kommunalt foreldreutval.

**Ane Johanne Hågensen er med frå Ostereidet barneskule**

**Samarbeidsutvalet tilrår FAU om å teste ut den kanalen.**

Skulen informerte om ny heimeside. Lik i form, og med link frå kommunens heimeside. Den gamle heimesida forsvinn.

**Samarbeidsutvalet tilrår å få innhald der det det passar for å få fram Ostereidet.**

Skulen informerte om:

- Ny helsesøster
- Nytt norskverk for 1. og 2. klasse
- Nye prosjektorar i 2 og 3. klasserommet.
- Revidert læreplan i kroppsøving.
- Nytt fag: KRLE
- Nasjonale prøver

Tatt til orientering. Blir tatt opp på neste møte.

**Tatt til orientering.**

**FAU og dei tilsette uttalar seg på sjølvstendig grunnlag.**

**Rektor koordinerer eventuelle ønskjer om endringar.**

**Sak 07/2015-16**

**Julefest**

*Gymsalen er stengt. Forslag om å ha julefesten på skulen. 16. desember. Framføring av underholdning på aktivetsrommet i to bolker. Kaffi og anna på biblioteket, 5., 6. og 7. klasserommet samtidig. Avslutte med song på biblioteket.*

**Tatt til orientering.**

**To vaksne pr. heim.**

**FAU tar opp om ein skal ha kakesal. Eller om kvar enkelt kan sette fram kaker og anna.**

**Sak 08/2015-16**

**Eventuelt**

*Ressurssituasjon.*

**Når ein flytter på ressursar mellom klasser rammar ein den klassen som mistar ressursane.**

**Samarbeidsutvalet ved Ostereidet barneskule er bekymra frå ressurssituasjonen på skulen.**

**Samarbeidsutvalet opplever at ressurssituasjonen no opnar ikkje for å få delt klassar nok til gode læringsøkter.**

**Samarbeidsutvalet ber om grunngjeving for kva som kan gjerast for å rette på dette:**

- **Korleis kan skulen få meir føreseielige rammar?**
- **Korleis skal skulen halde oppe kvaliteten på undervisninga med utfordrande elevar?**
- **Kan skuleeigar legge til rette for kursing om elevar med ulike utfordringar?**

**Temakveld kan vere aktuelt for å ta opp problematikken. Korleis kan foreldre hjelpe for å støtte eigne barn og åtferd.**

**Referat til alle representantar på e-post**

Med helsing

Erik Klausen  
fung. Rektor

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

